

# Vedtekter for Leiketun Barnehage AS

## 01 EIGAR

Frekhaug Indremisjon eier og driver Leiketun Barnehage gjennom Leiketun Barnehage AS. Styret for aksjeselskapet er ansvarlig organ for barnehagen og er det organet som representerer eigaren. Eigaren kan ikke hente utbytte fra barnehagedriften.

## 02 GRUNNLAG

Barnehagen skal drivast på kristen grunn i samsvar med Den norske kyrkja si vedkjenning, Lov om Barnehagar og forskrifter til lova, rammeplan for barnehagar og årsplan for barnehagen.

Barnehagen vert driven med utvida kristen formålsparagraf i samsvar med Lov om barnehagar §1a. Kristen tru, etikk og menneskesyn dannar grunnlaget for vedtekter, årsplanar og drifta elles i barnehagen.

## 03 AVTALE OM DRIFT

Barnehagen vert driven av Leiketun Barnehage AS og leies lokale av Frekhaug Indremisjon. Det ligg føre leigeavtale mellom eigaren og leigaren.

## 04 FORMÅL

### a) Barnehagelova § 1

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

### b) Eigarsitt formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gje barna kristen oppsæding i eit godt og trygt miljø. Arbeidet med leik, læring og sosial kompetanse skal samla bidra til barna si allsidige utvikling. Våre verdiar skal gjenspegle ansvar og omsorg for menneske rundt oss, både lokalt, nasjonalt og globalt.

## 05 OPPTAKSMYNDIGHEIT

Opptak av barn skjer i hovedsak gjennom samordna opptaksprosess for alle barnehagane i Alver kommune, jamf. barnehagelova § 17. Dagleg leiar gjev innstilling til opptak. Klage på opptak skal sendast Alver kommune. Dagleg leiar kan tilby barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptaksprosess.

Søknadsfrist til hovedopptak er 1. mars. Søknad om opptak skjer digitalt gjennom Alver kommune sitt opptakssystem.

## **06 OPPTAKSKRETS OG OPPTAKSKRITERIER**

Barnehagens opptakskrets er Alver kommune. Omlandskommunane er også opptakskrets når det gjeld personalbarn. For det tilfellet at barnehagen har ledig kapasitet etter at barn i opptakskretsen er tatt opp i barnehagen, kan barnehagen foreta opptak utanfor opptakskretsen. Dei same opptaksriterier som nedanfor gjeld.

Barnehagen er open for barn frå 0-6 år. Barn som er tildelt plass, får behalda plassen til utgangen av barnehageåret det året barnet begynner på skulen. Sjå elles *Avtale om disponering av barnehageplass* om partane sin oppseiings- og hevingstilgang.

Følgjande kriterier i prioritert rekkefølge gjeld innanfor opptakskretsen:

- a. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd.
- b. Barn av tilsette, dersom dette er viktig for å få besett stillingar / behalda tilsette i barnehagen.
- c. Søsken av barn som har plass i barnehagen.
- d. Gruppесamansetning
- e. Barnet sitt leikemiljø og sosiale tilhøve.
- f. Barn av einslege forsørjarar.

Ved lik prioritet, etter kriteria over, vert opptak avgjort ved loddtrekning.

## **07 OPNINGSTIDER OG FERIE**

Barnehageåret går frå 1. august til 31. juli.

Barnehagen er open frå kl. 7.00 til kl. 17.00 mandag til fredag.

Barnehagen er stengt på heilagdagar, julafta (24. desember) og nyttårsafta (31. desember)  
Onsdag før påske er barnehagen open til kl.12.00.

I løpet av året er barnehagen i tillegg stengt 5 kurs- og planleggingsdagar. Desse vert forsøkt avvikla i samband med kommunen sine planleggingsdagar for grunnskulen. Barnehageruta vert fastsett av styrar etter uttale frå samarbeidsutvalet.

Barna har ei oppholdstid på maks 9 timer pr. dag. Ved særskilde behov kan det søkjast om utvida oppholdstid på inntil 10 timer.

Alle barn i barnehagen skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse må takast samanhengende i skulen sin sommarferie. Alle foreldre vil difor i løpet av våren bli bedt om å oppgje ferietida for sitt barn. Dei som sluttar til sommaren, må ta ut ferien før 1 august.

Eigar/styrar kan feriestengja barnehagen i to veker. Dette skal leggjast fram for samarbeidsutvalet og varslast foreldre/føresette i god tid før dei må oppgje ferietida for sitt barn.

Den fjerde ferieveka skal takast ut heil, ikkje som enkeltdagar. Den må avtalast minst to veker før ferien skal avviklast.

## **08 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Barnehagen har eit leike- og opphaldsareal på 581m<sup>2</sup>, og følgjer barnehagelova si rettleiande norm for arealutnytting som er 4m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

## **09 PERSONALET**

Barnehagen skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av verksemda. Styrar skal ha utdanning i samsvar med barnehageloven § 24. Dei som skal arbeida i barnehagen, må leggja

fram tilfredsstillande politiattest. Styret tilset personale i barnehagen. Styrar har innstillingsrett, saman med ein eigarrepresentant frå styret. Dei tilsette må dela livssynet som barnehagen står for, og forplikta seg til å arbeida i samsvar med målsetjinga til barnehagen og gjeldande stillingsinstruks.

## 10 STYREORDNING

Styret i Leiketun Barnehage AS er styre for barnehagen. Styret er sett saman av 3 eigarrepresentantar og ein personalrepresentant. Styrar for barnehagen er sekretær for styret. Som eigarorgan skal styret:

- Tilsetja personale.
- Vedta instruksar og vedtekter.
- Godkjenna rekneskap og vedta budsjett.
- Ha ansvar for drift og vedlikehald av barnehagen.
- Leggja fram årsmelding for styret i Frekhaug Indremisjon som er generalforsamling for aksjeselskapet.
- Anna som er pålagt styret etter aksjelova.

## 11 FORELDRERÅD

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær. Dei er foreldra sine representantar i samarbeidsutvalet. Foreldreråd vert halde når det er naudsynleg.

Foreldrerådet skal fremma foreldra sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal bli førelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Ved avstemming i foreldrerådet vert det gjeven ei stemme for kvart barn, og alminneleg fleirtalsvedtak gjeld.

## 12 SAMARBEIDSUTVAL

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval (SU) som skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet har 5 medlemmer:

- 2 repr. valde av foreldra, valde for eitt år.
- 2 repr. valde av dei tilsette, valde for eitt år.
- 1 repr. vald av eigar, vald for to år.

Styrar har møte-, tale- og forslagsrett. Ho er sekretær for SU, førebur sakene, set opp sakliste og kallar inn til møte i samråd med leiar av SU.

Samarbeidsutvalet for barnehagen skal m.a. bli førelagt budsjett og fastsetja årsplan for den pedagogiske verksemda. Budsjettet vert vedteke av styret i Leiketun Barnehage AS.

Styreleiar i Leiketun Barnehage AS har møte- og talerett i SU.

## 13 BETALING

Maksimalsatsar for foreldrebeting og søskensmoderasjon er fastsett av departementet. Betalingssatsane vert kunngjorde saman med søkeradsskjema om barnehageplass. Matpengar kjem i tillegg. Barnehagebetinga skal betalast forskotsvis den 1. i kvar månad. Det skal betalast for 11 månader pr. år. Juli månad er betalingsfri.

## **14 OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS**

Oppseiing av barnehageplass må skje skriftleg via opptakssystemet til Alver kommune. Oppseiingstida er to -2- månader. Ved oppseiing etter 1. april skal det betalast fullt ut for heile barnehageåret. Dersom barnehagen får inn eit nytt barn i oppseiingsperioden, skal betalingsplikta i oppseiingsmånaden reduserast forholdsmessig. Barnet kan miste plassen dersom det ikkje vert betalt etter 2. varsel.

## **15 ANSVAR**

Personalet har ansvar for barnet den tida det er i barnehagen. Foreldra har det fulle ansvaret med å følgja barnet til og frå barnehagen.

## **16 INTERNKONTROLLSYSTEM**

Barnehagen bruker PBL Mentor sitt HMS system.

## **17 ENDRING AV VEDTEKTER**

Endringar av vedtekten må godkjennast av eigar.

Vedtekten vert gjort gjeldande frå 12.01.2021. Justert 09.04.2021